



Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern og klimaavdelinga
Mattiilsynet DK Bergen og omland
Kystverket Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest

Dato: 01.08.2014
Vår ref.: 2014/19397-7
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 55 23 91 04

H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS og H-KM-5, H-KM-22 og H-R-18 Lingalaks AS - Søknad om utviding av MTB på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 31.07.2014 frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS om utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11664 Jibbersholmane i Radøy kommune.

Lokalitet 11664 Jibbersholmane er klarert for ein MTB på 2840 tonn. Verksemduene søker no om auka MTB til 3620 tonn på lokaliteten. Det vert ikkje søkt om endringar i arealbruk eller utstyrsendringar.

Bakgrunnen for søknaden er å legge til rette for eit framtidsretta anlegg for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Ved å gjere denne endringa vil ein styrka Skjærgårdsfisk AS som eit lokalt selskap med eigen administrasjon og drift i Radøy kommune. Soneindelinga som er iverksatt medfører at Jibbersholmane blir ein svært viktig lokalitet for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Endring av MTB vil gje moglegheiter til å optimalisere drifta ytterlegare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein "alt inn og alt ut" produksjon mest mogleg hensiktmessig. Tilpassinga til soneinndelinga vil betra dei langsiktige utviklingsmoglegheitene til næringa. Verksemduene viser også til gode miljømålingar over fleire generasjoner som viser at lokaliteten har god tåleevne.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Radøy kommune for vurdering, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Endre Korsøen, tlf.: 917 64 632 i Hordaland fylkeskommune.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS